

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6 Fylke: Hordaland.  
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Kvernherad.  
 Emne: **Folkelege musikkinstrument.** Bygdelag:  
 Oppskr. av: Arne Stuland. Gard:  
 (adresse): adr. Rommelheit. G.nr. Br.nr.  
 A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja.  
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

## Bolk A. II. Haringfela.

Strengene var tarmstrenger, dei som bogen strauk på, understrengene metalstrenger. Dei kjøpte strengene i Bergen. Instrumentet hev ikkje vore bruga i minns minne. Fela vart haldi upp til brystet av vinstre handi som greip um "halsen" (fela-halsen). Högge handi drog bogen. — Strenghaldaren og syngebrettet var pryda med innlagt perlemor og kriff bein. Nedot på halsen var eit utskoret kvinnehovud.


Av slike som spela haringfela i bygdi skal nemmast "Leirdølingen", vistnok fødd i Sogn, men budde i Velle = Svoldal, ein liten gard i Anes sokn der Leirdølingen hadde sett seg upp ei liten stova. Han levde kring 1800 og utyver og var mykje bruka som spelemann i brudlaup- og i "storfolket" sine jolelag t. d. Ole Guddal "Klett'n" lærde slåttar i Indre Hordanger der han ofte var i sumar = arbeid. Han skal ha spela for Ole Bull. Klett'n døydde sist i 1880 åri. G. Sandvik levde umlag på same tid; men var ikkje so vidd kjend som spelemann. Johannes L. Nes og Samson J. Stuland laga seg felor sjolve, men spela ikkje i gilde og lag. Nes døydde 1944. Stuland i Amerika umlag på same tid. I Anes sokn var det til kring 1910 fleire spelemenn, ein på øyi Bild og ein på Anes er dei mest kjende. Ingen av desse var vere "storspelere."



Bolk a. VII. Salmodikon. Dette instrument vart kjent og brukt i bygdi i 1830 og 1840 åri med di at det vart pålagt skulehaldarane på den tid å öva inn salmesong i skulen etter "sifferkorabok" med salmodikon. Til salmodikonet høyrde boge og tabellar på tre-spilddror til dei ymse skalaer eller "tonearter". Strengen på instrumentet kjøpte dei i Bergen, eller dei kunde sjølve spinna streng av tarmar, på same måten som kvinnfolk spann "rokkasmor" til spinne- rokkane sine. -- Frå den tid salmodikonet med korabok kom i bruk, vart dei gamle folke-salmetonar meire og meire ubgløynde i Grinnherad.

Det var ingen pygdnad på dette instrumentet. Glendige karar kunde laga seg salmodikon sjølve av kristfrit furubre.

Nr. VII. Ropar var berre brukt umbord i store fartoy, jegerter, galeasar o. s. b. og kunde vera laga av jærblekk eller anna metal. Ropar'n kunde og vera av tre, og var berre bruka til sjøs til "kommando" umbord, eller, av eit hende, brukt av motbasen ved sildkasting.



Ropar (eller ropart).


Nr. IX. Luren. Luren var laga av tvo lange tre-flior med motsvarande grep i og samansbundne med bøger frå munnstykket til skáli i den andre enden av luren. Tågi låg kant i kant langs heile luren som var ca 1,5 m lang.

Smågutar kunde laga seg lurar "til å buta i" av olderbøkk som dei skar i spiral av trest, når det svadde, og rulla borken saman til ein lur.

Luren hadde ikkje fingrehol, heller ikkje laust munnstykke.

Ein mann, Kristofer Bjørnebile laga seg ein 1½ m lang bunn narar til å bora lurar av heilt trestykke med.

Men dei lurane vart nok ikkje so klare i låten som dei vanlege, som var bundne saman med tåg.

Det fannst i bygdi lurar av jærblekk böygde soleis: 

men fingrehol - ljo'hol - var det ikkje på deim.

Treluren kunde nemmast "bjørnalur" av di han skulde




vera bruka til å skræma upp bjørnen. Difor heiter det difor at bjørnen segjer dette:

"Bukkahorn og byflyta, (<sup>det</sup> fløyte), late so godt fer mitt øyra; men trumba og lur, det jagar meg ubor bå' fjell og ur."


Ein mann frå Hallingdal eller Valdres som budde på Hablestrand i skulde ha' med seg austantil eit instrument som heitte "harpipa". Ingen veit no korleis denne "pipe" (fløyte) var, men ho skulde låta serleg vent ute i skogen.

Nr. XII. Seljefløyte (seljeflyta) vart skori av borken på lange, kristfrie seljeteinar. Desse flytone kunde ha 3-4 ljodhol (fingrehol). Ei seljeflyta er vanleg soslaga at ein blæs i flyta frå eine enden. Då ser ho soleis ut:



Eller ein kann blåsa

inn frå sida av flyte-hovudet. Då ser flyta soleis ut, sedd ovenfrå:




Blæs der ein blæs.

Ein kann ha propp i enden

på flyta til å føra ut og inn og soleis få toneskifte. - Til å få borken til å losna av seljeteinen, banker ein med knivskaftet yver alt på teinen og vater t. d. med spult av og til utanpå borken der ein vil slå med skaftet.

Halmflyta (fløyte) eller åkerflyta som ho og heiter, skjer ein av eit strå havrehalm. Desse flytone kann og ha ljodhol til å fingra på. Hovudet på flyta er eit "kne" i halmstrået, soleis:



Nr. XIV. Munnhorpa. Denne var av jarn med stålspjor som gav ljoden. Var ikkje laga i bygdi.

Nr. XV. Trumba (tromme). Dei laga ein rund "bråsk" (brjosk) av tre og spana yver dei runde springane på bae kambar av brjosken ei reidit kaloskinn. Trumbe-stikkone var av hard og lett ved. Trumba var bruka i brudlaup under ferdi til og frå kyrkje til 1850 åri (og lenger fram i tidi.) Det var i bygdi tamburar (i herberesta) som det gjekk ord um. Av segner um ein skal nemnast:



4  
Eit kompani soldatar frå Kvinnherad med næraste byggar  
skulde i 1807 gå over Tulefjell til Svenskegrensa. Men  
dei gjekk seg fast i snøen på fjellet og mennene sette  
seg brøyte og ut-dasa i snøen. Då bad kapteinen  
Lamburen (Fedt) gå fram og slå brumba. Det gjorde  
han soleis at alle tok mod til seg og "marsjerte" fram  
over fjellet, og kom i rett tid til byggar. - På heim-  
vegen til Vestlandet etter krigen for dette kompaniet gjennom  
Drammen, og då slo Lamburen brumba so glasrutane skal-  
dra i husi og sume ruber sprakk.

### Bolk B.


#### Byinstrument.

1. Trekkspel kom i bruk i 1870-80 åri etter at fela var  
brennd hurt av eit pietistisk livssyn som var over =  
toket i bygdene. Men trekkspel var det få av. Slåt-  
tane som vart spela no var nye, og det var nok helst  
sjømenn som kom til bygdi med deim, og ein høyrde  
deim aldri på fela.

### Bolk C.

#### Larminstrument.

1. Merraskrabla - var bruka til å skrama hestar av böen  
med. Merraskrabla var ca 30-35 cm lang og ca 20 cm  
breid. Eit skaft i eine hest-enden var 35-40 cm langt.



Dei 3 spildrone inni ramma ligg på den fann-  
rullen som skaftet hev inni ramma, med den  
enden som ikkje er fastnagla i ramma. Når ein  
då tek merraskrabla eller skaften og svinge henne  
kraft i ring, larmar spildrone på fannrullen. - Og hest-  
ane kvekk og tråvar arbeid.